

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Dykkar ref.

Vår ref.  
26/8329-2Dato:  
11.05.2026

## Høyring av forslag til ny forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune

### 1. Saka gjeld

Øygarden kommune ved plan- og miljøutvalet fatta den 23.04.2026<sup>1</sup> vedtak om at forslag om ny forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune leggest ut på høyring. Frist for å gi innspel er **01.07.2026**.

### 2. Om forslaget

Ny viltressurslov tek til å gjelda 01.07.2026. Lova fører vidare dagens ordning, der kommunane fastset forskrift om opning av jakt og fastset minsteareal. Når den nye lova tek til å gjelda, må kommunar som ønskjer å fastsetja fellingsavgift, gjera dette gjennom forskrift.

Tidlegare har kommunane fastsett reglar om fellingsavgift på ulike måtar, mellom anna gjennom lokale regulativ, budsjettvedtak eller administrativt oppdaterte satsar. Forskriftsforslaget samlar reglane om opning av jakt, fastsetjing av minsteareal og fellingsavgift i éi felles forskrift.

Fellingsavgifta er den viktigaste inntekta til viltfondet og ein føresetnad for at kommunen har midlar til mellom anna ettersøk av skadd vilt. Viltfondet kan berre brukast til viltformål

---

<sup>1</sup> Sak 028/26

og skal ikkje brukast til administrative oppgåver eller til å støtta andre kommunale tenesteområde.

Kommunen kan bruka viltfondet til tilskot for tiltak som fremjar viltforvaltninga, styrkjer kunnskapen om vilt og legg til rette for organisering av jakt. Fondet kan òg dekkja utgiftene til kommunen knytte til handtering av skadd vilt og til førebygging av skadar på landbruksnæringa som vilt forårsakar. Stortinget fastset dei øvste satsane for fellingsavgift.

Forskriftsforslaget legg til grunn at Øygarden kommune fastset fellingsavgifta til maksimalsatsen som Stortinget har fastsett på fellingstidspunktet. Samstundes kan kommunen vedta redusert fellingsavgift for ein avgrensa periode, eller dersom særlege omsyn tilseier at ei reduksjon er nødvendig for å ta vare på ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av viltressursane.

Formålet med ordninga er at kommunen skal kunna balansera omsynet til uttakrate mot behovet for ressursar til viltforvaltninga. Den nye forskrifta fører ikkje til endringar i minstearealet som grunnlag for fellingsløyve.

### 3. Send innspel

Fristen for å senda høyringssvar er **01.07.2026**. Høyringssvar merkast med saksnummer 26/8329, og sendast til [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no) eller per brevpost til Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 Rong.

Med helsing

Mathias Høium Grøgaard  
avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Vedlegg

Forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune - Høyring

Forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatelser på hjort